

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 11.02.2015

Tom Skauge sette fram forslag om nytt pkt 3.

Nærleiksprinsippet skal liggje til grunn for all forvaltning slik at avgjerder vert tekne på eit så lågt nivå som mogeleg.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sitt forslag til nytt pkt 3 fekk 1 røyst og fall.

Innstilling

1. Fylkesutvalet er svært kritisk til konklusjonen i KS1-rapporten, og kan ikkje sjå at den svarar ut behovs- og målformuleringane som er lagt til grunn i konseptvalutgreiing for Voss - Arna.
2. Fylkesutvalet går inn for at det, i tråd med tidlegare høyningsuttale, vert starta opp planarbeid for konsept K5, med sikte på at planvedtak og kostnadsoverslag ligg føre til NTP-prosessen 2018-2027.